

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/7840-2

Flora kommune - Bygging av Sagaelva kraftverk

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til å gje løyve til bygging av Sagaelva kraftverk, då vi vurderer dei samfunnsmesige fordelane ved tiltaket til å vere større enn ulempene. Det vert føresett at dei føreslåtte avbøtande tiltaka vert gjennomført.
2. Dersom eksisterande rørleidningar går ut av bruk, oppmodar vi om at desse vert sanerte. Det bør vurderast nærare om minstevassføringa som er føreslege er tilstrekkeleg ut frå omsyna til landskap og kulturlandskap.
3. Når det gjeld Kulturminne og kulturmiljø vert det vist til fylkesrådmannen si saksframstilling.

Vedlegg:

Søknad om konsesjon

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sagaelva i Flora kommune er tenkt utnytta til kraftproduksjon gjennom utbygging av Sagaelva kraftverk. Flora kommune har fallrettane i vassdraget, og har i sak 130/14 i Flora bystyre gjort samrøystes vedtak om å søke konsesjon.

For planlagt utbygging av elva, er det planlagt eit inntak plassert omlag på kote 335 og ein kraftstasjonen på ca. kote 5. Røyrsgata, med diameter på 800 mm, vil få ei lengde på 2250 meter, vere nedgravd og bli naturleg gjengrodd. Kraftverket vil bli liggjande i dagen med ein kort avlaupskanal til sjøen. Nedbørsfeltet er rekna til omlag 5,4 km². Installert effekt er berekna til maks 3600 kW, og berekna middel årsproduksjon er 9,1 GWh. Sagavatnet er drikkevasskjelde for Florø, og i samband med dette er det tidlegare bygd veg i området. Det er også planlagt å legge ny vassleidning i same trasè som røyrsgata for kraftverket. Det er planlagt slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 32 liter/sekund.

Sagavatnet er drikkevasskjelde for Florø, og i samband med dette er det bygd veg i området. Det er også planlagt å legge ny vassleidning i same trasè som røyrsgata for kraftverket. Forslag om felles grøft/trase for turbinrøyret og ny kommunal vassleidning vil gje økonomiske fordelar både for vassverket og kraftverket.

2. Vurderingar og konsekvensar

Allmenne interesser

Allmenne interesser vert i liten grad berørt av tiltaket. Området er lite nytta til ferdsel eller friluftsliv, med unntak av hjortejakt. Det er sau på beite i området, men ikkje fast busetnad eller gardsdrift.

Det er planlagt å legge ny vassleidning i same trasè som røyr-gata for kraftverket. Forslag om felles grøft/trase for turbinrøyret og ny kommunal vassleidning vil gje store økonomiske fordelar både for vassverket og kraftverket.

Vi finn ikkje noko om det i søknaden, men føreset at eksisterande gamle røyrleidningar, dersom dei går ut av bruk, vert sanerte ved bygging av ny kommunal vassleidning. Både i høve tryggleik, friluftinteresser og landskap vil det vere ein fordel å ta desse vekk.

Natur og miljø

Det er utarbeidd rapport om biologisk mangfald. Metodikk for rapporten er basert på NVE sin rettleiar for dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk.

Det er ikkje registrert raudlisteartar eller sjeldne trua vegetasjonstypar i utbyggingsområdet. Med dei avbøtande tiltaka som er føreslått for prosjektet, så vert dei samla konsekvensane vurderte til å ha liten negativ konsekvens.

Vassmiljø

Sagaelva har ID 085-131-R i databasen www.vann-nett.no. Elva er sett opp med økologisk tilstand «Moderat», kjemisk tilstand «Ukjent» og med miljømål «God» for både økologisk og kjemisk tilstand.

Kulturminne og kulturmiljø

Fylkesrådmannen ber om at det i vilkåra til konsesjonen blir stilt krav om at § 9 undersøkingar skal gjennomførast før utarbeiding av plan for miljø, transport og anlegg (MTA-plan) og i god tid før dei omsøkte tiltaka. Tiltakshavar må ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune slik at vi kan utarbeide omfang og budsjett på dei varsla registreringane.

Kulturminne frå nyare tid

Sagavassdraget strekkjer seg frå Grønfjellet på 650 meter over havet og renn gjennom eit forholdsvis bratt terreng ned mot fjorden. Sagaelva er i fleire område eit markert element i landskapet og lett synleg frå fjorden. Elva og stryka nedover utgjer eit viktige element både i kulturlandskapet lokalt og i det store landskapsrommet. Ved utbygging vil det visuelle inntrykket av elva bli svekka. Elvar, fossar og stryk utgjer ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Med redusert vassføring i elva, vil tiltaket bety eit markert inngrep i landskapsbiletet, og vil på den måten påverke opplevingsverdiar knytt til kulturlandskapet. Auka minstevassføring kan vere eit avbøtande tiltak.

I området er det tidlegare gjort fleire markerte inngrep i landskapet. Sagaelva er utnytta som vasskjelde for Flora kommune og det er i den samanheng bygt vassleidningar med diameter opp til 300 mm, vegar, fleire byggingar. I store deler av traseen ligg desse vassleidningane opne i dagen og er lett synlege. Det er no planer om å leggje ny vassleidning i grøft saman med røyr-gata til kraftverket. Som avbøtande tiltak og konsesjonskrav må det gjerast ei vurdering av om dei gamle vassleidningane med tilhøyrande utstyr kan sanerast og fraktast ut av kulturlandskapet rundt Saga. Vi har vore i kontakt med utbygger sin konsulent som seier at dei gamle vassleidningane ikkje skal fjernast, utan at grunngevinga for det går fram.

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakke-reiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon/

frø frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen vurderer det til at dei samfunnsmessige fordelane ved tiltaket er større enn ulempene, og rår til at det vert gitt løyve. Vi ser det som ei god løysing å legge ny oppgradert vassleidning samstundes som opparbeiding av vassveg for kraftverket. Vi føreset at føreslåtte avbøtande tiltak vert tatt med i konsesjonen. Vi meiner og det vil vere klart positivt at gamal vassrørleidning vert sanert av omsyn til m.a. landskap og friluftsliv.